

ADU - Atle D. Utkilen
Postboks 75
5953 FONNES

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201205132-5/714/OYSSKA

Dykkar ref.:

Bergen, 14. september 2012

Fråsegn om kulturminne. Hillesvåg - gnr 202, bnr 1, 3, 14 fnr 1/3 - 1/4 og gnr 193, bnr 2, 9, 52, 117, fnr 2/1 - Oppstart av reguleringsplan - Lindås kommune

Vi viser til brev mottatt 12.06.12 i høve oppstart av privat reguleringsplane i Hillesvåg, Lindås kommune. Ved inkurie er det ikkje sendt ut brev tidlegare. Dette beklagar vi.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Seksjon for kulturminnevern og museum vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Planar som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne kan returnerast for utfyllande dokumentasjon. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningssmiljø, men og steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Deler av planområdet har potensial for funn frå steinalder, samt marine kulturminne. Etter ein vurdering av planområdet finn vi det difor nødvendig med ein synfaring før vi kan gje fråsegn til planen for å vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne på land. Vi gjer merksam på at det vil vera ein fordel for tiltakshavar å klarleggja spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Bergens Sjøfartsmuseum som er mynde for marine kulturminne kjenner til fleire skipsvrak i nærleiken, og påpeikar at det kan ha vore sag/kvern i tilknytning til elva. Dei vurderar at potensialet for funn av verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen til å verte tilstades, og dei sett krav om marinarkeologisk registrering for å oppfylja undersøkingsplikta. Bergens Sjøfartsmuseum krev som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Vi ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum i høve gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som dei må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Venleg helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Øystein Skår
arkeolog

Kopi: Lindås kommune,
Hage, Torild, Planseksjonen